

Fjell kommune
Postboks 184
5342 STRAUMEDato: 07.12.2015
Vår ref.: 2014/10587-30
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - områdereguleringsplan for del av Sotrasambandet - Fjell kommune

Vi viser til offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Sotrasambandet i Fjell kommune, datert 28.08.15. Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist for dispensasjonshandsaming av automatisk freda kulturminne og politisk handsaming av reguleringsplan, seinast til 07.12.15. Framlegg til områdeplan ved høyring er i direkte konflikt med 12 automatisk freda kulturminne. I samband med høyring av reguleringsplan skal kulturminnemynde ta stilling til om det kan gjevast dispensasjon frå automatisk freding, eller om planen må justerast for å ta omsyn til kulturminne. Riksantikvaren er rette mynde etter forskrift til kulturminnelova til å avgjere om det kan gjevast dispensasjon frå automatisk freding. Fylkeskommunen har oversendt saka til Riksantikvaren 22.09.15 med tilråding om dispensasjon frå kulturminnelova i høve områdeplan Sotrasambandet.

Riksantikvaren finn i brev datert 13.11.15 at forslag til områdereguleringsplan for Fv 555 Sotrasambandet, parsell Kolltveit-Bergen kommunegrense, Fjell kommune, kan godkjennast under føresetnad av at det blir føreteke arkeologisk utgraving av dei råka automatisk freda kulturminna Askeladden-id 169978, 174695, 174992, 174994, 174995, 174997, 175003, 175004, 175005, 175006, 175012 og 175022 før tiltak etter planen realiserast, jf. vedlagt brev med kart stempla Riksantikvaren og datert 13.11.15. I medhald av kml § 10 skal arkeologiske utgravingar kostast av tiltakshavar.

Vedtak om omfang og kostnader av den arkeologiske utgravinga kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteke. Vi gjer merksam på at arkeologiske utgravingar normalt berre let seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i si planlegging.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltak etter reguleringsplanen ynskjust realisert. Riksantikvaren vil så fatte vedtak om omfang/kostnader av den arkeologiske utgravinga, eit vedtak som vil kunne påklagast i medhald av forvaltningsloven §§ 28 og 29.

Universitetsmuseet i Bergen har utarbeidd eit kostnadsoverslag for utgraving av dei råka kulturminna, 12 buplassar frå steinalder. Forslaget er på 33 millionar kroner. Forslag til prosjektplan med arbeidsomfang og kostnader vil bli nærare gjennomgått av Riksantikvaren før det blir fatta endeleg vedtak etter kulturminnelova § 10.

Vi gjer merksam på at lokalitet 15 (Askeladden-id 175022) ikkje er avmerka som føresegnsområde på plankartet. Buplassen er direkte råka og vi ber om at merkinga blir retta opp (antatt #10-15). Ein kan laste ned naudsynte filer i shape/SOSI-format frå <https://askeladden.ra.no>, eller vende seg til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga.

Det er ei føresetnad for dispensasjon frå kulturminnelova at følgjande tekst blir teke inn i reguleringsplanen sine felles føresegner:

Før iverksetjing av tiltak i medhald av planen skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei råka automatisk freda kulturminna id 169978, 174695, 174992, 174994, 174995, 174997, 175003, 175004, 175005, 175006, 175012 og 175022, markert i plankartet med føresegnsområde # 10-3 og 4, #10-11, #10-12, #10-13, #10-15, #10-16 (delstrekning Bildøystraumen-Straumsundet) og #10-6, #10-7, #10-8, #10-9 og #10-10 (delstrekning Straumsundet-Arefjordpollen).

Det skal takast kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

Dispensasjon frå den automatisk fredinga gjennom planvedtaket føreset at ovannemnde tekst blir innarbeidd i reguleringsføresegnene. Dersom kommunen klargjer at ovannemnde tekst ikkje blir inkludert i planen sine føresegner, og fylkeskommunen ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen umiddelbart varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen, jf. vedlagt brev frå Riksantikvaren.

Vi gjer merksam på at dette brevet berre omtalar tilhøvet til automatisk freda kulturminne omfatta av dispensasjon frå kulturminnelova jf. § 8,4. ledd, i høve områdeplan for Sotrasambandet, del i Fjell kommune. For øvrige innspel viser vi til Hordaland fylkeskommune si fråsegn datert 04.12.15.

Med helsing

David Aasen Sandved
konst. fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Vedlegg: Uttale Sotrasambandet – Riksantikvaren 13.11.2015

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Bergen kommune